

Hallgeir Elstad:

Kyrkja si rolle i 1814

Førelesing ved semesteropninga ved Det teologiske fakultet, måndag 20. Januar 2014

1814 er merkeåret i Noregshistoria. Det er ”annus mirabilis” – mirakelåret, ”vidunderåret”, det særmerkte og hendingsrike året. Ikkje noko år kjem opp mot dette året – ikkje eingong 1945. Det har dei fleste norske historikarar – og alle 17. mai-talarar – vore samde om. Og i år feirar vi at det er 200 år sidan mirakelåret 1814. Slottspresten på Akershus, Claus Pavels, skreiv i dagboka si på nyttårsaftan:

”Det kaldtes et Aar, og bestod ligesom dets Forgjængere af 365 Dage, men Aarhundreder ere henrullede, og have været langt mindre mærkværdige end dette Aar.”

Claus Pavels la vekt på det hendingsrike året 1814. Då året tok til, var Noreg framleis i union med Danmark og del av eit einvaldkongedømme. Innan sommaren hadde Noreg oppnådd sjølvstende, ei eiga forfatning - ei av dei mest liberale i Europa – og ein eigen konge. Men om hausten hadde landet etter ein kort krig vorte tvunge inn i ein ny union - med Sverige.

Vi kan seie at den norske staten vart grunnlagt i 1814 – og utan at det på førehand fanst artikulert norske politiske krav om sjølvstende før 1814. Patriotiske haldningar hadde det vore blant nordmennene, men det låg ingen politisk vilje bak. Det var dei storpolitiske hendingane som i første rekke gjorde 1814 til det ”mærkværdige” år, slik Pavels formulerte det. Situasjonen la Noreg fridomen i hendene.

Det særmerkte året starta med 14. januar 1814 – denne dagen måtte danskekongen Frederik VI i oppgjeret etter Napoleonskrigane inngå ein

fredsavtale i Kiel, der han avstod Noreg til Sverige (Kieltraktaten). Dermed vart kongefellesskapet mellom Danmark og Noreg formelt oppløyst. Men statthaldaren i Noreg, kronprins Christian Frederik, nekta å godta Kielfreden – og gjekk i brodden for ein opprørspolitikk mot Kieltraktaten. Han fekk den norske eliten med seg på ei norsk sjølvstendelinje – og i kraft av å vere mellombels regent og tronarving, kalla inn til ei grunnlovsgjenvande forsamling på Eidsvoll.

Christian Frederik hadde tenkt seg at han kunne krevje arverett til Noreg i kraft til å vere arving til den danske trona. Men dette fekk han ikkje den norske eliten med på. På det såkalla ”notabelmøtet” eller ”stormannsmøtet” på Eidsvoll 16. februar gjekk professor Georg Sverdrup i brodden for å få overtydd prinsen om at det berre var det norske folket sjølv som hadde rett til å gå i mot ei sameining med Sverige. Då kong Frederik VI. hadde avstått Noreg, kunne ikkje arvingen hevde nokon rett. Makta låg med andre ord hos folket. På møtet var likevel alle samde om at Christina Frederik burde bli konge. Folket måtte berre få uttale seg først. Då Christian Frederik godtok dette, innebar det at eineveldet var oppløyst i Noreg.

19. februar var ein travel dag for Christian Frederik. Då sende han ut til saman 10 kunngjeringar og rundskriv. Her kunngjorde han seg som norsk regent, og gjorde greie for den norske sjølvstendepolitikken. Det sentrale dokumentet var ”Aabent Brev”, der nordmennene fekk den første offisielle meldinga om innhaldet i Kieltraktaten og Christian Frederiks sjølvstendepolitikk. Christian Frederik omtalte seg sjølv her som ”odelsbaaren til Noregs Throne”. Han gjorde gjeldande at det skulle kallast inn til ei forsamling 10. april med det føremålet å gje Noreg ei regjeringsform. Dette var etter den framgangsmåten som ein hadde vorte samd om under stormannsmøtet på Eidsvoll tre dagar tidlegare.

Eit anna av dei dokumenta som vart sende ut 19. februar var eit rundskriv til biskopane med påbod om å halde ein bededag i kyrkjene med eidsavlegging og val. Det er grunn til å understreke kyrkja si rolle i hendingane i 1814. Det første nasjonale valet i Noreg som dette faktisk var, gjekk føre seg i kyrkjene. Heile

oppspelet til og føresetnaden for riksforstamlinga på Eidsvoll skjedde dermed i ein kyrkjeleg kontekst. Etter at dei lokale vala var gjennomført, skulle det utferdast såkalla valadresser eller fullmakter stila til regent Christian Frederik og overleverast til han personleg på Eidsvoll. Dei aller fleste av desse fullmaktene var ført i pennen av prestane. Det skal vi kome tilbake til.

At det faktisk var mogleg å få gjennomført eidsavlegging og val på den korte tida før 10 april, har historikaren Yngvar Nielsen kalla "det første av de mange Vidundere som Aaret 1814 bragte Norge". Men tida var knapp, for knapp til at heile landet kunne bli representert på Eidsvoll, skulle det vise seg. Faktum er som vi veit at ikkje heile landet var representert på Riksforstamlinga: Nord-Noreg var utan representasjon. Tida strekte ikkje til for å få gjennomført vala i tide – kommunikasjonar og postgang var ikkje heilt dei same som i dag!

Det var den kyrkjelege infrastrukturen som trass alt gjorde det mogleg å gjennomføre eidsavlegging og val så fort som det faktisk skjedde. Det kyrkjelege apparatet var landsdekkjande – og dette gjorde Christian Frederik som regent bruk av. Kvart lokalsamfunn hadde ei kyrkje og ein prest – sistnemnte var til og med kongeleg embetsmann. Prestane leidde bededagsgudstenestene, administrerte vala og formulerte fullmaktene. Dette var uttrykk for den sentrale stillinga til kyrkjeinstitusjonen og den integrerande funksjonen kyrkje og religion hadde i samfunnet i 1814.

Christian Frederik hadde kunngjort bededagen til den 25 februar. I Christiania og på det sentrale Austlandet vart det halde bededagsgudsteneste denne dagen. Men det tok si tid før dei var gjennomført i heile landet. Christian Frederik hadde som nemnt ikkje tid til å vente på at Nord-Noreg skulle få gjort seg ferdig med vala. Men trur de at nordlendingane gav opp av den grunn? Nei, dei gjennomførte bededagsgudstenester og val gjennom heile sommaren, lenge etter at riksforstamlinga var oppløyst og Christian Frederik var vald til konge. Siste eidsavlegging og val vart gjennomført på Bjarkøy i Finnmarkens amt – den 17. juli! Og sjølve valet på utsendingar til Eidsvoll frå dette amtet gjekk føre seg i Tromsø 1. august!

I rundskrivet til biskopane hadde Christian Frederik gjeve instruksjonar om korleis bededagsgudstenestene skulle gå føre seg. I kyrkjene skulle prestane ”etter en kort, men kraftfuld Indlednings-Tale” lese opp frå prekestolen det opne brevet frå Frederik VI. om at folket ikkje lenger var bunden av truskapseiden, og brevet og kunngjeringa frå Christian Frederik til det norske folket. Deretter kom eidsavlegginga: ”Sværge I at hævde Norges Selvstændighed, og at vove Liv og Blod for det elskede Fædreneland?” Med oppløfta fingrar svara kyrkjelyden: ”Det sværge vi, saa sandt hjälpe os Gud og hans hellige Ord!” Prestane las så ei høgtidsbøn som kvar biskop hadde utforma for stiftet sitt, og bad om ”Himlens Velsignelse over det norske folk”.

Bibelteksten som prestane preika over på denne høgtidsdagen, var henta frå Det gamle testamentet og Salme 62,8-9. Ut frå røynsla av det avgjerande i situasjonen, var preiketeksten vald med omhug. Kjernebodskapen er at folket må søkje tilflukt hos Gud: ”Hos Gud er min frelse og min ære; min styrkes klippe, min tilflukt er i Gud. Forlader eder paa han til hver tiid, [kiere] folk! Udøser ederes herte for hans ansigt! Gud er vor tilflugt, Sela!”

Å kome saman i kyrkja på denne måten har nok folk flest opplevd som alvorleg og høgtidsamt. Dei fekk ei klar kjensle av å vere med på noko avgjerande som gjaldt heile nasjonen sitt liv. Desse hendingane i 1814 gjekk inn i det religiøse mønsteret folk kjende: ved viktige høve i livet var kyrkja den sjølvsagte samlingsstaden. På bededagsgudstenesta i Vor Frelsers Kirke i Christiania skal nær 4000 menneske ha møtt fram med kronprins Christian Frederik til stades. Etter eidsavlegginga bad biskopen høgtidsbøna som han hadde formulert - for folk og regent:

”Gud! Du som throner i Himmelten og hersker paa Jorden, Dig alene tilhører Priis og Ære og Tilbedelse, i Sin Haand være Fyrstens og Folkets Sag overgivet! Du er trofast og retfærdig, Dine Forjættelser ere Ja og Amen, paa Dig tør vi, på Dig ville vi haabe; Dig paakalde vi, Du vil høre os, Du vil frelse os, og vi ville nu og altid prise Dit ene tilbedeværdige Navn!

Hør os Gud, vor Gud! Tag Fyrsten og Folket under Din almæktige og naadige Varetægt, og velsign Dem nu og evingeligen! Amen, i Jesu Navn Amen!

Folket og fedrelandets sak vart gjort til Guds sak. Religion og patriotisme vart kopla saman. Tilsvarande vektlegging finn vi i valadressene, som var formulert frå kvar kyrkjelyd og var ein type fullmakt som valrepresentantane skulle ha med seg. Gud har gripe inn gjennom Christian Frederiks innsats for Noregs sjølvstende og fridom. Regenten blir framstilt som ein reiskap for Gud. Mange fullmakter uttrykkjer ein tydeleg samanheng mellom Gud, fedreland og regent. I fullmakta frå Kviteseid i Telemark er dette direkte sett ord på slik: "Alle bede vi Gud, i vore daglige Bønner, om Held for Norge og Held for Dets Regent — Begreber, som vi ikke mere kunne adskille."

Fullmaktene viser elles ei solid støtte til Christian Frederiks sjølvstendelinje – og uttrykkjer sterk lojalitet til prinsen. Fridomspatos og patriotisme gjekk hand i hand. Språket var høgtidsamt, pompøst, nærmast svulstig, Soknepresten på Værøy og Røst, Jonas Kirsebom Dahl, stod truleg for Noregsrekorden i å uttrykke lojalitet til prinsen:

"...Een Prinds, der som Odelsbaaren til Norges Throne ikke allene udelukker alle ubillige Fordringer paa samme, men som viiste ogsaa strax ved sine Opfordringer til det Norske Folk og sit aabne Brev, at Høylovede Forfædres Danske og Norske Kongers Blod og Mod flød i Hans Aarer og luede i Hans Barm, og ved sin Kjærlighed og Omsorg for det Norske Folk, sin urokkelige Beslutning at for- blive iblandt det og værne om dets Sikkerhed og Love og saaledes at deele Vee og Vel med det, med Rette fortjener at sidde paa sine Fædres Throne og være Norges Regent!"

Sjølve riksforstamlinga på Eidsvoll vart innleidd med gudsteneste. 10. april, som var påskedag, gjekk kronprinsen og dei folkevalde saman til gudsteneste i Eidsvoll kyrkje - før arbeidet med ny Grunnlov tok til dagen etter. Eidsvollpresten Leganger heldt preika og vart av somme kritisert fordi han

"smigret prinsen altfor sterkt" og kom med politiske oppmodingar til forsamlinga om at dei komande forhandlingane måtte sikre ei sterkest mogleg kongemakt.

Etter at Grunnlova var vedteken og Christian Frederik vald til norsk konge, vart det tillyst festgudsteneste i alle landets kyrkjer. Preiketeksten var frå Salme 125: "De som forlater sig paa Herren, de ere som Zions berg, der ikke skal ryste, men blive evindelig". Christian Frederik var sjølv til stades i gudstenesta i Vor Frelsers Kirke 22. mai. Biskop Bech i Akershus stift heldt preike og proklamerte frå preikestolen: "Gud bevare og velsigne Kongen og Norge". "I sin Begeistring raabte Mængden Hurra i sælve Kirken", skreiv kronprinsen i dagboka si - og la til: "Gud vil sikkerlig tilgive dem dette Udbrud af deres Følelser i hans Helligdom."

Så veit vi korleis det gjekk. Christian Frederik fekk ikkje vere Noregs konge i meir enn nokre månader før dei politiske realitetane innhenta han. Etter ein kort krig mot Sverige måtte prinsen sette seg til forhandlingsbordet. Den svenske kronprinsen Karl ville drive i gjennom Kieltraktaten. Ved Mossekonsjonen, som vart slutta 14. august i 1814, godkjende Noreg unionen med Sverige. Men Noreg fekk behalde Eidsvoll-grunnlova, med visse modifiseringar. 10. oktober abdiserte Christian Frederik.

Også i overgangen til union med Sverige spela kyrkja og prestane ei rolle. Dei skulle no mobilisere en ny lojalitet – denne gongen mot Karl Johan og Sverige. Det tok ikkje langt tid å skifte lojalitetsband - det viser preikene frå samtidia. No skulle det haldast gudstenester kring om i landet for å feire ein ny union. Og prestane let seg på nytt mobilisere. Ein kan spekulere på korleis lojaliteten kunne skifte så fort. Men då må ein ikkje gløyme at det låg djupt i den lutherske tradisjonen å vise truskap mot styremaktene. Kyrkja var heller ingen sjølvstendig korporasjon, men integrert i staten. Som "Statens offentlige Religion", slik Grunnlova formulerte, var lojaliteten til styremaktene frå kyrkja og prestane ein føresetnad. Integrasjonen mellom stat og kyrkje – som hadde vore mønsteret sidan innføringa av reformasjonen på 1500-talet – vart ført

vidare også etter 1814. Med omsyn til religionen var Grunnlova med andre ord konservativ.

Mirakelåret 1814 handla mest om dei månadene Noreg var eit sjølvstendig konstitusjonelt monarki. Denne fridomen var ei gave – og i oppspelet til denne situasjonen spela kyrkja ei nøkkelrolle som samlingspunkt og mobilisator.